

Taket ferdig lagt på torvhuset

Sidan veret var så lagleg, bestemte vi oss for å ta endå ein dugnad laurdag 7. november 2009 i håp om å få gjort ferdig taket på torvhuset. Det var heilt vindstilt, og temperaturen 6 – 7 °C, dvs. ideelt arbeidsver.



Denne gongen var vi fire som gjekk frå snuplassen på Skårbø kl. 09.00: Jarle, Atle, Jan og Terje. Vi hadde med oss eit par spadar for å løyse torv, og eit flak med presenning som vi planla å dra torva på.

Vel oppe skar Jarle og Terje torv, medan Atle og Jan drog torvflaka ned til torvhuset. Vi prøvde å få flaka 60 – 70 cm breie og vel meteren lange, slik at dei skulle ligge godt når dei kom på plass.

Etter eit par timar i arbeid la vi på siste

stripa med knotteplast som underlag for torva. Så la vi ut det vi hadde gjort klart, slik at vi kunne få ei viss oversikt over kva vi mangla.

Jarle bestemte at no var det tid for kaffipause, og ingen opponerte mot det.

Siden det var to å skjere torv, gjekk arbeidet vidare fort. Men så brotna skaftet på eine spaden, og då vart det med ein gong verre. Men vi fekk laus endå ei stor torve, og bestemte oss då for å sjå kor langt vi kom med det som var ferdig før vi skar meir.



Det viste seg at torvene rakk til resten av taket. Dermed måtte vi ha oss ei ny kaffipause, der vi filosoferte over kor privilegerte vi var som kunne komme oss ut i naturen og nyte denne utsikta.

Etter kaffipausen fann vi stein i terrenget rundt torvhuset som vi murte opp langs endeveggane og øvste vegg. Slik vart det ei fin avslutning mot torvtaket. På taket var torva delvis dekt av fine steinheller i varierende storleik for å verne mot ver og vind.

Etter litt rydding rundt torvhuset kunne vi godt nøgde med endå ein fin dugnadsdag gje oss på heimveg. Taket er no i god stand for å setje vinteren til, men vi må ved tid og høve skifte ut torvhaldsstokken i nedste kant av taket.



I stranda mellom Årdal og Skårbø fann vi ei kusymre i full blomst – ho har nok ikkje fått med seg at vi gjekk over til vintertid forrige søndag. Også stankstorkenebb var i blomst somme plasser.

Som sist laurdag var vi tilbake til vegenden på Skårbø ca. kl. 14.30. Stikk innom torvhuset neste gong du går via Rydjajorda til Liberra.

7.11.2009
th

